

NVE

Postboks 5091

Majorstuen

0301Oslo.

Høyringsuttale 201400584

Regulering av Aurlandsvassdraget.

Aurlandsvassdraget er utbygd, og det får naturleg konsekvens med redusert vassføring. Som eit avbøtande tiltak er det bygd ein del tersklar i Aurlandsdalen. Nokre er betongtersklar og andre er stein og fylling som heva vasstanden i området. Betongdammar medfører at gjennomstrøyming i overflata, og botten får ikkje skikkelig gjennomstrøyming.

Det er no minstevassføring i elvi som det ikkje var før utbyggingi. Ved osen på Aurdalsvatnet er det vassføring med minstevasskrav på sommaren. Og vert aukar med tilført vatten i alle dei sideelvane og bekkane som er nedover dalen. Før var det berre snømengde og regn som var avgjerande. No er det ikkje so avgjerande, samt slepping av vatten i ein del situasjonar.

I samband med reguleringsskjønni vart det ein sjønsforutsetning om minimum 29 cm på målestav på Bjelde bru. Dette er truleg rekna minstevassføring før regulering av elvi, truleg utrekna frå Linograffen som var i Aurdalsvatnet. Kor mykje det er i m³/s er ikkje kjent. Den er borte, men er truleg erstata av målepunkt i Langebekkøyna. I kalde periodar frys vatnet til is i elvi i nedre del av Aurlandsdalen og Stondalsdalføre. Det hevar vassspeilet der det er isband. Ved og etter målestasjonen i Langebekken er det stort sett isfritt, truleg av at det kjem inn grunnvatten med høgre temperatur, det kan vera det vatnet som søkk i Midjeelvi.

I Øyestølsvatnet, Aurdalsvatnet og Nesbøvatnet er det slik terskel som held vasstanden på eit stabilt nivå. Det fører til atgroing i vatnet. Viser til skriv frå Aurland Fiskeadministrasjon om problemet der. Det er fleire steintersklar nedover dalen der gangvegen er nær elvi for å halda høgre vasspegel. For nokre år sida vart det laga nokre tersklar nede i Vassbygdi. Det vart krav om terskel lenger oppe i samband med reguleringsskjønnet, men det er ikkje bygd.

Det visar seg ved stor vassføring veks Aurdalsvatnet mykje. Det har ikkje vore storflaum endå etter at elvi vart regulert. Oslo Lysverker sa i samband med Reguleringsskjønni at det kan verta det i framtida. Vert det storflaum kan det føra til at husi i området kan få vasskade. Oslo Lysverker måtte skafa ny vassforsyning til Turisthyttene når dei starta arbeidet med inntak i Langedøla. Det burde vurderast om det må lagast ein tappeanordning som kan brukast om det er nødvendig ved ein storflaum, og har tilstrekkeleg kapasitet. Senking av vasshøgde i Aurdalsvatet ved liten vassføring vil ha som konsekvens lågare grunnvasstand og at vatne i brønn forsvinn.

Langedøla har minstevassføring og den er stabil på sommaren. Men etter tiden med mistevannvassføring er det den torr frå brui til Viki og ned. Det medfører at eine elveløpet ved Vikøyna før utløpet i Aurdalsvatnet veks til med bjørk på grunn av liti vassføring om sommaren og mest torr resten av året, det ikkje er flaumar som reinskar opp slik som før lenger.

Når det gjeld strekningi Sitjandefossen og nedover har det vorte sterk tilgroing av lauvtre i elvebredden og med tilgang på vatten heile tida veks dei fort. Om det skulle koma ein storflaum kanskje 4 -500 m³/s kan ein tru at trea vert tekne med og kanskje legger seg på brupilaren på Bjelde bru. Ved dei flaumane som var før utbygginga var vatnet mange gonger heilt oppe til brubjelkane. Det kan føra til at brua vert ødelagt.

Dette gjer at me krev at Hafslund Eco vert pålagde å fjerna vegetasjon som veks i og ved elveløpet som ein konsekvens av at elvi er regulert.

Me er litt undrande til at dei som er direkte rørt av vilkårsrevisjon ikkje er direkte kontakta, då me ser alle dei som har komme med uttale fleire gonger før.

Bilde er teke for eit par år sida frå Langebekkøyna og oppover dalen.



Sigrid Sønnerheim Tønnesen

Grunneigar og elveigar Gnr. 24, Aurdalen – Aurland 3 Kraftstasjon

Inge Olai Sønnerheim

Grunneigar og elveigar frå Vassbygdi Gnr. 19 og 21, til Vesleberkvam og Aurdalen Gnr. 24 til Aurland 3 Kraftstasjon